

OED
Postboks 8148 DEP.
0033 OSLO

27.05.2015

postmottak@oed.dep.no

Uttale til lovforslag om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom straumnettverksemd og anna verksemd i energiverk

Vi viser til høyringsnotatet; «Forslag til endringar i energilova» av 15.04.2015. I notatet frå OED er det gjort framlegg om å krevje «selskapsmessig og funksjonelt skille» for alle nettselskap.

Ved utgangen av 2014 hadde Sognekraft 8628 kundar og eit nett med ei samla lengde på 1815 km. Selskapet har nokre tettstader med «god» kundetettleik, men kan elles karakterisere nettet som langstrakt og med ein utfordrande topografi og fleire område utan veg.

Selskapet har bygd opp ein fleksibel organisasjonen med tanke på å oppnå stordriftsfordeler og effektiv drift ved å utnytte synergieffektar mellom ulike verksemdsområde. Ein fleksibel organisasjon er også viktig i høve til beredskap, ettersom det gir betre kapasitet i kriser, utan at den daglege drifta vert belasta meir kostnader enn naudsynt. Samarbeidet med lokale styresmakter og beredskapsorganisasjonar er tett og godt.

Verknaden av lovforslaget og våre kommentarar:

EUs har unntak frå krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje fordi det er fordyrande og urimeleg for mindre selskap

Lovforslaget medfører at det må etablerast ei eiga leiing og eige styre for nettselskapet i tillegg til eigne datasystem og auka administrasjon. Det vert berre unntaksvis høve til å nytte menneskap på tvers av konkurranseutsett / ikkje konkurranseutsett verksemd. Dette vil redusere fleksibiliteten og auke dei samla personalkostnadene.

Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje er regulert i EU sitt tredje elmarkedsdirektiv. Dette er eit krav for alle selskap, samtidig med at det er unntak for alle selskap med færre enn 100 000 kundar. Dette unntaket nyttar alle medlemslanda seg av. Det er gode grunnar for dette, jf tredje elmarkedsdirektiv: «For ikke å pålegge små distribusjonsnettoperatører en uforholdsmessig stor finansiell og administrativ byrde, bør medlemsstatene om nødvendig kunne unnta de pågjeldende virksomheter fra kravet om selskapsmessig adskillelse vedrørende distribusjon». Ein har altså vurdert nytten opp mot kostnadene ved å innføre funksjonelt skilje for mindre selskap, og funne ein negativ kost-nytte. Det er ingen grunn til å tru at ein vil finne ein annan sammanheng i Norge enn i Europa elles.

I høyringa til Reiten-rapporten viste uavhengige utrekningar årlege meirkostnader for selskapa på mellom 2 og 4 MNOK per selskap. Dette vil i sum påføre nettkundane i disse områda ein samla meirkostnad i milliardklassen. Etter NVEs nøkkeltallsrapport er det berre 6 % av kundane i Norge

som får straum frå små nettselskap. Sognekraft sitt syn er at kostnadsauken for desse kundane er urimeleg, for å dekke eit ikkje dokumentert behov.

Ikkje samanheng mellom organisasjonsform og effektivitet

OED referer til NVE sin rapport «Utvikling i nøkkeltall for nettselskap, med fokus på nettstruktur», 28-2015, og konkluderer med at nokre vertikalintegreerte selskap har om lag 15 % høgare kostnader per kilometer nett, justert for kundetettleik og andre relevante geografiske skilnader, enn reine nettselskap. Ein får såleis inntrykk av at det er sjølve organisasjonsforma til selskapa som er årsak til skilnader i effektivitet, sjølv om rapporten ikkje seier dette eksplisitt. Dette er uheldig.

Defo har saman med KS Bedrift fått utarbeidd ein analyse av EC-Group, «Analyse av forklaringer på variasjoner i selskapenes effektivitet» Vi er kjend med at OED har motteke rapporten. EC Group konkluderer med at:

- Organisasjonsform har ingen signifikant forklaringskraft på skilnader i effektivitet for nettselskap (verken total- eller driftseffektivitet)
- Nettselskapa sin storleik har ein signifikant forklaringskraft på skilnader i totaleffektivitet, men ikkje for kostnadseffektivitet.

Resultatet av analysen stemmer med tidlegare analyser og DEA-målingar NVE har gjennomført; at effektiviteten i gjennomsnitt aukar med storleiken på selskapa. Likevel er det mindre og mellomstore selskap som har høgare effektivitet enn de store selskap. I store selskap vil det også vera variasjonar i effektivitet - avdelingar eller område med høgare eller lågare effektivitet enn gjennomsnittet,

Ugrunna mistanke om kryssubsidiering av øvrig verksemd på bekostning av nettverksemda

Sognekraft har bygd opp ein fleksibel organisasjonen for å oppnå stordriftsfordeler og effektiv drift gjennom å utnytte synergjar. Kompetanse og ledig kapasitet i nettverksemda vert såleis nytta til anna verksemd i staden for å belasta nettkunden med ekstra kostnader.

Hentydningane om at overkapasitet vert seld til underpris har heller ikkje rot i verkelegheita. Det er markedsmessige vilkår som styrer dette.

Det er brei semje om at nettleiga ikkje må vere høgare enn den må vere, men vi kjenner oss ikkje att i skildringa av ei verkelegheit der straumnettverksemda vert påført andre verksemder sine kostnader gjennom kryssubsidiering. Hjå oss er det stor fokus på å gjere det rekneskapsmessige skiljet mellom nett og anna verksemd så rett som mogleg. Høyringsbrevet framstiller vertikalintegreerte selskap som useriøse aktørar med ei slapp holdning til dagens lov- og regelverk. Ei slik framstilling er unødvendig og uriktig. Etter det vi kjenner til er det berre selskap med selskapsmessig skilje og funksjonelt skilje som har fått bøter på grunn av nøytralitetsbrot. Behovet for monopolkontroll og tilsynsverksemd vil heller ikkje bli redusert framover i tid ved krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje.

Sal av tenester

Sognekraft sitt syn er at nettselskapa sjølve må kunne organisere eiga verksemd, og fritt kunne selje tenester til interne og eksterne kundar. Det er som naturlegvis basert på at gjeldande regelverk vert etterlevd. Det bør såleis ikkje leggast restriksjonar på nettverksemda knytt til sal av timar og tenester. Som eit minimum må nettselskapa ha høve til å selje eller leige ut eigen overskotskapasitet. Ei grense på inntil 20% av omsetjinga bør vera kurant.

Samarbeid om felles driftssentral

Sognekraft støttar § 4-6 andre ledd i lovforslaget der det eksplisitt vert sagt at samarbeid om felles driftssentral mellom nett og produksjon eller fjernvarme vert tillete.

Avluttande kommentar:

At OED støttar seg til enkle analyser som ikkje har tilstrekkeleg forklaringskraft gjer oss bekymra. Vi ser ingen særleg norsk årsak til å fråvike EU sitt unntak for krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for selskap som har mindre enn 100.000 kundar.

Vi saknar ei grundig analyse av kostnaden ved lovforslaget knytt opp mot nytten av å krevje selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle. Etter utgreiingsinstruksen skulle dette ha vore ein del av saksutgreiinga. I denne samanhengen burde konsekvensar for kundar og lokalsamfunn, som vert berørt både gjennom endringar i kompetansearbeidsplassar og beslutningsmynde/ eigarskap, vorte synleggjort med konkrete eksempel frå ulike område i landet.

Med helsing



Berit Larsen

administrasjonssjef